

## Tertialrapport 1/17 – Konesesjonskraftomsetjing

	2017	2018	2019	2020	2021
Budsjett 2017/Øp 18-21	36 000	24 000	18 000	24 000	24 000
Ny prognose T1/17	42 000	27 000	20 000	20 000	27 000
Endring	+6 000	+ 3 000	+ 2 000	-4 000	+ 3 000

### Føresetnadar Budsjett 2017/ økonomiplan 2018-2021:

Budsjettføresetnadane for 2017/ økonomiplan 2018-2021 er basert på marknadsprisar og valutakursar per hausten 2016 og kjend konesesjonskraftmengde i 2016 (386 Gwh). Kostnadane med kjøp av konesesjonskraft inkl. innmatingsavgifter er berekna til 13,5 øre/gwh. (11,42 + 2,08). Kostnader i samband med bistand frå Markedskraft, kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1 mill. kr.

For 2017 skal vi - etter vedteken normalsikringsstrategi for kraftsal - ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Pr. 30.04.17 er andel pris- og valutasikra volum 56,45 %. Den låge sikringsdelen skuldast at fylkesrådmannen har nytta si fullmakt, jf. strategien pkt. 5:

*«Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekne normalstrategien dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisen. Ein kan da enten auke eller redusere allereie sikra volum med inntil 30% av volumet i aktuell periode. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta ei slik avgjerd»*

Ein slik situasjon har vi hatt sidan 3. kvartal 2015. Fylkesrådmannen vil så snart som marknaden tilseier det få sikringsandelen innafor normalstrategien igjen.

### **Ny prognose 2017**

Ny prognose for konesesjonskraftinntektene byggjer på marknadsprisar og valutaprisar pr. 30. april 2017. Prisbilete no er vesentleg betre for 2017 enn det var pr. 01.09.16. Prognosen for 2017 ligg no på 25 øre/gwh - om lag +3,6 øre/gwh i høve tidlegare prognose.

Den nye prognosen byggjer vidare på faktisk mengde konesesjonskraft for 2017 - 376,045 gwh - ein reduksjon på 10 gwh i høve 2016. Reduksjonen skuldast eit høgre samla uttak av konesesjonskraft i kommunane.

Vår innkjøpspris (OED - pris) for 2017 er fastsett til 11,48 øre /gwh - ein auke på 0,06 øre/gwh i høve 2016. Kostnadane med innmating etc. er tilsvarande redusert med 0,06 øre/gwh. Det vil sei at innkjøpskostnadane samla for 2017 er lik innkjøpskostandane for 2016 - 13,5 øre/gwh (11,48 + 2,02.)

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre - både positive og negative avvik. I tillegg har konesesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimere. Basert på erfaringar dei seinare åra og utviklinga så langt i år vert desse samla vurdert til om lag 1 mill. kr i netto kostnad i 2017.

Ny prognose for 2017 er:

	2017
Budsjett 2017	36 000
Ny prognose T1/17	42 000
Endring	+6 000

## Prognose 2018 – 2021

Ny prognose for åra 2018 – 2021 baserar seg på same grunnlag som ny prognose for 2017. Ved rullering av planperioden er år 2021 sett lik 2020. Prisen på elektrisk kraft har over lengre tid vore låg og prisbilete framover i planperioden er dårleg sett i eit lenger perspektiv. På det lægste (2019 og 2020) ligg årsprisane på i underkant av 20 øre kwh. Det er forventa at prisen skal stige igjen frå 2021 og utover. Men prisane er samla noko betre enn ved utarbeidinga av eksisterande økonomiplan. I økonomiplanperioden 2018 – 2021 slår dei låge prisane i marknaden gradvis inn i våre prognosar i takt med redusert sikring, jf. sikringsstrategien. Sett i høve gjeldande økonomiplan gjev dette følgjande ny prognose:

	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Budsjett 2016/Øp 2017-2019	24 000	18 000	24 000	24 000
Ny prognose T1/17	27 000	20 000	20 000	27 000
Endring	+ 3 000	+ 2 000	-4 000	+ 3 000